

Jeff Beck

Ein analyse av Jeff Beck sin vibratoarm-teknikk

RETTLEIAR

Per Elias Drabløs

Universitetet i Agder, 2024

Fakultet for kunsthøgskolen

Institutt for rytmisk musikk



Føreord

Tusen takk for fem fantastiske år ved Universitetet i Agder! Denne lange reisa har dessverre kome til ein ende, og det har vore ei utruleg fin oppleving.

Eg har lyst å takke Per Elias Drabløs og Michael Rauhut for gode timer i masteroppgåvefaget. Eg vil også takke Per Elias for hans rettleiing og gode tilbakemeldingar.

Eg vil gjerne takke Øyvind Nypan og Rolf Kristensen for fem fantastiske år med undervisning. De har lært meg så mykje på gitar, om musikk og om livet generelt – noko eg vil ha med meg for resten av livet.

Tusen takk for alle dei nydelege medstudentane og lærarane. Det har vert lærerikt og kjempegøy å kunne studere med så vedunderlege folk.

Til slutt vil eg takke mine foreldre, familie og kjæreste for all støtte og omtanke i denne perioden.

Innhald

Føreord	3
Innhald.....	4
1. Innleiing.....	7
1.2 Formål	7
1.3 Problemstilling	7
1.4 Valg av komposisjoner og låter.....	8
1.4.1 Bakgrunn og informasjon til musikken	8
2. Teori	11
2.1 Biografi.....	11
2.2 Kva er ein whammy-bar?	12
2.3 Whammy-bar og andre gitar teknikker	15
2.4 Kva sjanger arbeider Jeff Beck innafor?	18
2.4.1 Kva er rock?	18
2.4.2 Kva er Jazz?.....	19
3 Metode.....	21
3.1 Transkripsjon.....	21
3.2 Transkripsjonsprosessen.....	21
3.2.1 Notasjon for gitar.....	22
3.3 Analyse.....	23
3.3.1 Analyse av sound og utstyr	24
4. Analyse av låtane.....	27
4.1 «Plynth (Water down the drain)»:	27
4.1.1 Sound og utstyr.....	27
4.1.2 Toneart og harmonisk informasjon for låta	28
4.1.3 Transkripsjon.....	29

4.1.4 Ornamentikk og bruk av Whammy-bar.....	31
4.1.5 Oppsummering av ulike funn	32
4.1.6 Tabell.....	32
4.2 Freeway jam	33
4.2.1 Sound og utstyr.....	33
4.2.2 Toneart og harmonisk informasjon for låta	34
4.2.3 Transkripsjon.....	34
4.2.4 Ornamentikk og bruk av whammy-bar	36
4.2.5 Ulike funn.....	37
4.2.6 Oppsummering av ulike funn	38
4.2.7 Tabell.....	38
4.3 Where Were You.....	38
4.3.1 Sound og utstyr.....	38
4.3.2 Toneart og harmonisk informasjon i låta	41
4.3.3 Transkripsjon.....	42
4.3.4 Ornamentikk og bruk av whammy-bar	46
4.3.5 Oppsummering av ulike funn	48
4.3.5 Tabell.....	48
5 Drøfting/Konklusjon	49
5.1 Kva er unikt med tremolo bar-teknikken til Jeff Beck.....	49
5.2 Kva har eg lært av dette?.....	51
5.3 Svakheiter i oppgåva	52
6. Avslutning	53
6.1 Oppsummering	53
6.2 Svar på problemstillinga.....	53
6.3 Grunnlag for vidare forskning.....	54
Litteraturliste – Bøker og Artiklar.....	55

Litteraturliste – Internettkilder	56
Vedlegg 1: «Plynth» - Transkripsjon	63
Vedlegg 2: «Freeway Jam» - Transkripsjon.....	64
Vedlegg 3: «Where were you» - Transkripsjon	65

1. Innleiing

Heilt sidan eg byrja å lytte til musikk, har gitar vore ein viktig del av min personlegdom.

Gitaren er eit unikt instrument når det gjeld måtar ein kan utrykke seg på. Den kan være eit akkordinstrument eller eit soloinstrument og det er mogleg å uttrykkje ei rekke med følelsar og lydar. Det kan være fordi gitar gir moglegheit til å utnytte fleire type teknikkar, blant anna, bending, vibrato, distortion, legato, staccato, også vidare.

Frå tidleg alder har eg alltid vore knyta til gitaristar som har ein eigen stemme og unik speling eller tone, som for eksempel, Jimi Hendrix, Ritchie Blackmore, Steve Lukather og Eddie Van Halen. Dette har gitt meg intrykket av at det er viktig å kunne ha sin eigen personlegdom eller signatur i spelinga si. Målet mitt som gitarist er å kunne bli gjenkjend ved første tonen eg spelar.

Frå vidaregåande har eg vore stor fan av Jeff Beck. Heilt sidan eg såg han live i Skånevik, så blei eg fanga av den unike stilen hans og måten han uttrykker seg på, og etter Jeff Beck sin død, begynte eg å studere dei ulike teknikkane han bruker, og spesielt den han er mest kjend for, nemleg bruken av vibrato armen, eller «whammy-baren».

I denne masteroppgåva har eg studert Jeff Beck sin whammy-bar teknikk og har tatt for meg kva som gjer denne så spesiell og eigenarta. Eg har plukka ut 3 ulike soloar av Jeff Beck – frå forskjellige studio-innspelningar. Soloane vil bli brukt for å transkriberast og analyserast.

1.2 Formål

Grunnen til at eg vil skrive om dette emnet er fordi eg vil gå i djupna på korleis Jeff Beck har utvikla denne teknikken som ein unik form for å uttrykkje seg. Som muskar er dette relevant i forhold til når eg skal utvikle min egne teknikkar, språk og sound. Eg vil også finne ut korleis Jeff Beck har klart å gjere denne teknikken et særmerke og ein stor del av sin personlegdom.

1.3 Problemstilling

Problemstillinga til denne oppgåva er dermed: Kva gjer whammy-bar-teknikken til Jeff Beck så eigenarta?

For å kunne få ei betre forståing av denne problemstillinga, så vil eg gå i djupna når det gjeld lyd, teknikk og utstyr Jeff Beck nytta på desse 3 låtane eg har valt ut. Ved bruk av

transkripsjonar, analyser av lyd og utstyr så vil det hjelpe med å få ein betre ide om kva som gjer Jeff Beck så eigenarta.

1.4 Valg av komposisjoner og låter

Her er komposisjonane eg skal analysere og transkribere soloane til.

- «Plynth (Water Down the Drain)» 1969, studioversion
- «Freeway Jam» 1975, studioversion
- «Where Were You» 1989, studioversion

For denne oppgåva har eg valt ut 3 låtar. Grunnen til at eg har valt desse komposisjonane er fordi eg ønsker å analysere korleis Jeff Beck har utvikla seg gjennom åra. Kva er skilnadane? Korleis har han utvikla seg? Kor mykje har han utvikla seg? Er det skilnader i lyd, frasering og utstyr? Eg vil også finne ut korleis han har vorte påverka av andre gitaristar eller korleis han har påverka andre. Har han prøvd å utvikle seg i tråd med det som er populært? Eg har forsøkt å finne låtar som viser ein tydeleg overgang og utvikling av tremolo bar-teknikkane.

Eg har valt desse låtane fordi dei viser ein klar progresjon ved Jeff sin bruk av tremoloarm. «Plynth» frå 1969 er tidleg i Jeff Beck sin karriere, og er et av dei første eksempla ein kan finne av Jeff der han brukar ein tremoloarm. «Freeway Jam» er frå eit av Jeff sine mest kjende plater *Blow By Blow* og visar tendensar til hans populære whammy-bar-teknikk. «Where Were You» frå 1989, er rekna blant gitaristar som eit meisterverk når det gjeld bruk av vibrato-armen og viser ein versjon av Jeff Beck som beherskar denne teknikken til fulle.

1.4.1 Bakgrunn og informasjon til musikken

«Plynth (Water down the drain)»:

«Plynth» er ei låt som er med på Jeff Beck sitt andre soloalbum, *Beck-Ola*, utgitt i 1969. Komponistane til låta er Nicky Hopkins, Rod Stewart og Ron Wood. Denne plata var Jeff Beck sitt svar på å konkurrere med ulike artistar som Led Zeppelin. (JeffBeck.com).

På baksida av plata sto det følgjande:

"Today, with all the hard competition in the music business, it's almost impossible to come up with anything totally original. So we haven't. However, this LP was made with the accent on heavy music. So sit back and listen and try and decide if you can find a small place in your heads for it."
(JeffBeck.com).

«Freeway Jam»:

Freeway Jam er ei instrumentallåt frå plata *Blow by Blow* av Jeff Beck. Den er skriven av Max Middleton som var Jeff Beck sin keyboardist. *Blow by Blow* var produsert av George Martin i 1975. Heile albumet består av instrumental rock- og jazz fusion-komponerte låtar. Mange av dei, som «Freeway Jam», er basert rundt jamming og improvisasjon.

I Guitar Player sin artikkel om *Blow by Blow*, så hadde dei henta inn et intervju med Jeff frå 1989. Der seier ham, blant anna: «But I shouldn't have done Blow By Blow. I wish I hadn't done any of them, because they're just mistakes on record.» (M. Resnicoff, R. Brakes, J. Gore, 2022).

Etter *Blow by Blow* sin suksess, fortsett Jeff med å gi ut fleire album basert på instrumental musikk.

«Where Were You»:

«Where Were You» er ei låt skriven av Jeff Beck, Terry Bozzio og Tony Hymas til albumet *Jeff Beck's Guitar Shop* frå 1989. Dette er ein komposisjon som verkeleg viser Jeff Beck sin bruk av tremoloarmen.

"If you wanna hear his depth of emotion and sound and phrasing and the way he could touch your soul, listen to 'Where Were You' off the Guitar Shop album. Just Google 'Where Were You Jeff Beck' and sit down and listen to it for four minutes. It's unbelievable." – Brian May (Childers, 2023).

Som nemnt i sitatet over av Brian May, så er denne låten ein utruleg følsam og fin ballade, der Jeff uttrykker seg fantastisk ved bruk av tremoloarmen.

Jeff Beck's Guitar Shop endte opp på nummer 49 på Billboard 200. Det er Jeff sitt femte studioalbum og mesteparten er instrumentallåtar. Terry Bozzio spelar trommer og Tony Hymas er med på keyboard. Komposisjonane til albumet har henta inspirasjon frå mange ulike stilartar som blues, rock og reggae.

Det er 19 år mellom låta «Plynth» og «Where Were You» vart gitt ut., og målet med å velje desse låtane, er å kunne finne ei klar utvikling i spelinga i tillegg til karakteristiske trekk i Jeff Beck sitt bruk av tremoloarmen.

2. Teori

2.1 Biografi

«I don't care about the rules. In fact, if I don't break the rules at least 10 times in every song then I'm not doing my job properly.» - Jeff Beck

Jeff Beck var ein britisk gitarist, fødd i Wallington, Surrey, England i 1944 og døydd 10. januar 2023. Han er kjend for si blanding av rock, blues, jazz og funk og byrja tidleg å eksperimentere med stilartar og sjangrar. Jeff Beck meinte at den første gitaristen som imponerte han var Les Paul då han høyrde han på radioen spele «How High the Moon». Cliff Gallup, lead-gitaristen til Gene Vincent and the Blue Caps, var også ein tidleg musikalsk påverknad i tillegg til B.B King og Steve Cropper. Som tenåring lærte Jeff seg å spele på ein lånt gitar samstundes som han prøvde å byggje sitt eige instrument.

«While learning to play on a borrowed guitar, he also experimented with building his own – gluing and bolting together cigar boxes with a fence post for the neck. For strings, he'd use thin wires from his model aeroplane collection, making tweaks and adjustments as he played through an old radio.» (Sharma, 2023).

I 1965 tok han over for Eric Clapton som gitarist i gruppa «The Yardbirds». Rett etterpå danna han si eiga gruppe kalla The Jeff Beck Group, med Rod Stewart og Ron Wood. Dei debuterte med sitt første album *Truth* i 1968, og kom i 1969 med *Beck-Ola*. I 1971 danna han ein ny Jeff Beck Group der dei gav ut albumet *Rough and Ready* i 1971 og *Jeff Beck Group* i 1972.

I 1975 gav Jeff Beck ut *Blow by Blow*, som vart ein stor hit. Saman med Beatles-produsenten George Martin laga han eit album med instrumentale låtar og var stort inspirert av jazz-fusion, ein sjanger han var innom mykje resten av yrkesløpet sitt.

I 1985 vann Jeff Beck ein Grammy for songen «Escape». I 1989 vann Jeff Beck også «Best Rock Instrumental Performance» for albumet sitt *Jeff Beck's Guitar Shop*.

På 2000-talet heldt Jeff Beck fram med å gi ut meir musikk og turnerte over heile verda. Han gav ut fleire studioalbum i tillegg til liveinnspelningar og eksperimenterte med mange sjangrar, blant anna å inkludere elektroniske- og hip-hop-element i komposisjonane sine. For eksempel


songen «Plan B» frå 2003 som vann ein Grammy. Hans siste turné var med Johnny Depp i 2022 etter utgjevinga av albumet *Loud Hailer*. Han døydde i januar 2023 og vart 78 år gamal. Gjennom karrieren si spelte han saman med mange artistar og kjende musikarar. Totalt har Jeff vunne 8 Grammy-prisar og vart nominert 17 gonger.

2.2 Kva er ein whammy-bar?



(Figur 1, Sweetwater, 2022).

Whammy-bar er ein del av gitaren som ligg nedst, frå der strengene går gjennom kroppen. Whammy-baren er festa til det vi kallar brua. Det kan også kallast for tremolo-bar eller vibrator-arm. Det finnest fleire typar tremolo-system, men dei fleste har same funksjon.




(Figur 2, Houghtaling, u.å).

Den fungerer ved at ei arm er festa på brua (bridge) på gitaren, som illustrert på bildet over. Denne mekanismen er laga slik at ved å bøye armen opp eller ned, så lager brua *tension eller release* på strengene, som vil gjere at tonehøgda på strengen vil gå opp eller ned. Denne kan då lage fleire ulike effektar, og er mest brukt til å lage vibrato.

"Also known as the vibrato bar or tremolo system, the whammy bar is an arm-shaped bar connected to the bridge of some guitars (primarily Stratocaster-type guitars) that allows you to bend the notes without having to use your left hand. The whammy bar comes in a variety of shapes and sizes, such as Floyd rose, Bigsby and many others, and can be used to create unique, ethereal effects that barely sound like a guitar at all!"
(Marshall, 2020).

Sjølv om denne delen av gitaren kan bli kalt for tremolobar, så er det ofte litt misforståing rundt kva dei to begrepa (tremolo og vibrato) og kva dei betyr.



(Figur 3, Tremolos, u.å)

Her er ein graf av korleis tremolo og vibrato fungerer.

- Tremolo: Er ein effekt som skapar «svingingar» i ein musikalsk tone. Den er som regel laga av drastiske endringar i volum eller amplituden av ein note.
- Vibrato: Vibrato er ein repetisjon av ein endring i tonehøgda eller frekvens av ein musikalsk tone.

Det vil seie at sjølv om den er referert som ein tremoloarm, så vil ikkje den lage ein tremolo effekt.

I 1929 blei vibratoarmen oppfunne og vart patentert i 1935 av Clayton Kaufman. The Kaufman Vibrola var det tidlegaste systemet som vart teke i bruk og blei nytta på nokre Epiphone og Rickenbacker lap steel-modellar. Merle Travis, ein kjend country-lege, tok opp problema han hadde med Kaufman Vibrolaen med Paul Bigsby, som seinare vart kjend for å utvikle The Bigsby Tremolo.

Seinare kom Leo Fender med sin «synchronized tremolo» som debuterte på dei første Stratocasterane i 1954. «The “Strat trem”, som det ofte vert kalla, krev at strengane vert mata gjennom eit hulrom (trem-hulrommet) i bakenden av gitarkroppen og har eit integrert brosystem med seks individuelt justerbare salar, som alle samarbeider – ein kan til og med seie dei er “synchronized” – for å bøye tonen.» (Fender, A.Houghtaling, 2024).

«Strat trem» endte opp med å bli svært populært, og i 1986 vart det oppdatert frå ein festemetode med seks punkt (seks skruvar som er bora inn i kroppen) til «two point bridge»-systemet, der det er to skruvar som er bora inn i kroppen. Leo fekk patent på dette som ofte blir omtala som flytande tremolo i 1958. Flytande tremolo er når tremolo-baren kan gå opp og ned i tonehøgde.

Seinare kom det også fleire andre typar tremolosystem. I 1977 vart The Floyd Rose Locking Tremolo utvikla av Floyd Rose. Denne typen bruker ein låsemekanisme både i brua av gitaren

og i nøtta, som er øvst i halsen på gitaren. Dette skal minske sjansen for at strengane skal gå ut av stemning. Dette kunne ofte vere eit stort problem med det vanlege tremolosystemet.

Tremolosystem er sjølvst nyttå av dei fleste elgitaristane i verda, men gitaristar som Jeff Beck, Steve Vai, Joe Satriani, Jimi Hendrix, Eddie Van Halen og Neal Schon, er særå kjende for å praktisere whammy-bar som ein del av uttrykket og det karakteristiske soundet dei har.

2.3 Whammy-bar og andre gitar teknikker

Ved analyse av Jeff Beck sin speleteknikk, kan det være greit å gå gjennom ulike gitar- og whammy-bar-teknikkar som vil bli nemnde seinare i oppgåva. Tremoloarmen kan gje eit stort spekter av måtar å uttrykke seg på. Nokre teknikkar er essensielle for kvar gitarist å kunne beherske, for eksempel *vibrato*, *bends*, *dive-bombs*, *squeal*, og *harmonics*.

Vibrato:

Vibrato er ein av dei mest vanlege teknikkane med whammy-baren. På gitaren finst det fleire måtar å utføre dette på. Den tradisjonelle måten er ved å dytte og trekke i strengen(e). Dette gjer at tonen går opp og tilbake til hovudtonen som blir spelt. Med ein vibrato frå tremoloarmen vil tonehøgda gå opp og ned rundt tonen som blir spelt, noko som gir ein annleis vibrato.



Figur 4, henta frå wikiHow, Adams. (2023) *Method 1, Setting Up Your Whammy Bar*.

For å skape denne effekten, må ein plukke ei note på gitaren og bruke tremoloarmen ved å dra den opp og ned for å endre tonen på gitaren. Dette blir då ein vibrato.

Bends:

Ein anna teknikk som er mogleg å utføre er bends. Bends kan gjerast ved å dra whammy-baren opp eller ned i eit forsøk på å treffe ei tone i rett pitch. Det kan vere utfordrande å få til utan øving. Bends er òg mogleg ved å spele ei tone og deretter dra strengen opp eller ned med fingeren for å treffe ønska pitch, (uten tremolo-arm).

Dive bomb/dip:

Dive bomb/dip vart gjort kjend av gitaristar som Jimi Hendrix og Eddie Van Halen og blei mykje brukt på 80-talet. Dive bomb er ein mindre krevjande teknikk og vert laga ved å spele ei note for så å trykke tremoloarmen heilt ned. Dette fører til at tona går langt ned i pitch. Dette kan likne på ein bend, men ein dive bomb er meir ein effekt, og det spelar ingen rolle om ein treffer 'riktige tonar'. Ein dip er ein liknande effekt, men ofte brukt i hensikt for å treffe ei tone.

The Squeal:


Squeal er ein teknikk som vert brukt ved å lage ein flageolett (harmonic), ved å ta tremoloarmen så høgt opp som mogleg. Dette er ein slags motsett teknikk av dive bomb.

«commonly used with high gain and most famously used by Dimebag Darrel, who discovered the technique while trying to imitate the screams of Pantera's vocalist, Phil Anselmo. He said "I love that sort of vocal stuff, but there's no way in hell I can do it with my voice - I don't have that kinda range! So, harmonic screams are my way of 'singing out', using my guitar instead of my throat». (Marshall, 2020).

Harmonics:

Ei overtone er ein frekvens som er høgare i pitch og som kling med når ein spelar ei tone. Den mest dominerande frekvensen er grunntonen, medan dei andre frekvensane er overtonane. Dette har ikkje nødvendigvis så mykje med tremoloarmen å gjere, men er relevant seinare i denne oppgåva. Det finst ulike typar harmonics på gitaren, for eksempel natural harmonics, harp harmonics, tapped harmonics og pinched harmonics.

Vi skal fokusere mest på natural harmonics. Natural harmonics finst på ulike stader på opne strenger på gitaren. Dei vert spelt ved å plassere fingeren over for eksempel 12. bånd utan å trykke ned, og plukke strengen.



(Figur 5, P. MacFarlane, u.å.) <https://www.guitarlessonworld.com/lessons/harmonics/>

Illustrasjon av ein gitarhals som viser dei vanlegaste stadene å spele naturlege harmonics.

Som ein kan sjå på illustrasjonen over, så fins det ulike plassar å spele harmonics på opne strengar. Det som er viktig å få med seg er at på band 7 og 19 er det mogleg å spele same overtonar i same frekvensområde. Dette gjeld óg på band 4 og 16.

Tapped Harmonics:

Tapped harmonics vert gjort ved å plukke ei note på gitaren og «tapper» strengen (utan å trykke ho ned) tolv bånd over der nota blir spelt. Dette vil automatisk laga ein overtone som er ein oktav over den spelte tonen. Dette kan og kombinerast med ein annan liknande teknikk, kalla *harp harmonics*. Harp harmonics er i hovudsak same prinsippet, berre at ein plukkar strengen tolv bånd over det båndet som er trykt ned. Blir dette gjort med fleire tonar samtidig, vil det skape ein harpeliknande effekt.

Ved å oppsummere desse teknikkane, vil det lage ei betre forståing og oversikt over ulike omgrep som vil bli nemnt seinare i teksten.

2.4 Kva sjanger arbeider Jeff Beck innafor?

Jeff Beck er kjend for å kombinere element frå mange ulike typar musikk. Bakgrunnen hans er frå «Rock 'n' roll», R&B og blues, men gjennom karrieren hans har han utvikla seg, og på fleire måtar implementert mange sjangrar og stilar i sine komposisjonar og speling. Britannica beskriv Jeff Beck som ein av gitaristane som utvikla Heavy metal og Jazz - rock stilen (Britannica, 2024).

2.4.1 Kva er rock?

Rock er ein sjanger som har sine røtter frå 1950-talet. *Britannica* beskriv rock som «a form of music with a strong beat» (Frith, 2024). Ulike artistar som har forma rock-sjangeren på 50- og 60-talet som Elvis Presley, The Beatles, Bob Dylan og Jimi Hendrix hadde stor påverking på denne sjangeren. Elvis og andre artistar på den tida tok mykje inspirasjon frå andre tradisjonar og kulturar som blues, kyrkjemusikk og countrymusikk. Då ulike artistar som for eksempel Jimi Hendrix vart kjend, tok dei denne musikken til eit nytt nivå ved å eksperimentere med blant anna volum på gitarforsterkaren, og etablerte sin teknikk og musikalitet som eit grunnlag for rock musikk. Seinare har rock fått mange underkategoriar og har blitt ein av verdas mest kjende musikk sjanger.

«Expanding subgenres: Rock 'n' roll music has branched out considerably from its early days. Today's rock scene encompasses a wide array of subgenres, including classic rock, glam rock, punk rock, synth-pop, progressive rock, alternative rock, indie rock, ska, rap-rock, funk rock, math rock, and post-rock.» (MasterClass, 2021).

Masterclass beskriv rock som ein sjanger der det blir kombinert element frå R&B, jazz og country, i tillegg til å legge til elektriske instrument. Dei har gitt rock fire karakteristiske trekk:

- Energi
- Propulsive rhythms (Drivande rytmar)
- Elektriske instrument og trommer
- Et bredt utvalg av lyriske tekster (2021).

2.4.2 Kva er Jazz?

Jazz er ein musikk sjanger som går tilbake til 1920-talet. Jazz har tatt mykje inspirasjon frå musikk som blues og Afrikanske rytmar. Mesteparten av jazz er veldig rytmisk og drivande musikk.

«The requirement that a performance contain improvisation allows us to differentiate jazz from other types of music that swing, such as popular music, which bears swing feeling and frequently can be heard on American radio and television broadcasts (e.g., Andre Kostelanetz, Ray Coniff, Percy Faith, Broadway show music of the 1950s, much music that might be jazzy or jazz-influenced though not ordinarily called jazz). This also allows us to differentiate types of music that sound quite similar. Herb Alpert's music is usually unimprovised and therefore differentiable from Chuck Mangione's, which usually contains enough improvisation to qualify for the 'jazz' label.»
«Gridley, M., Maxham, R., & Hoff, R. (1989). Three Approaches to Defining Jazz. The Musical Quarterly, 73(4), 513–531.»

Som ein ser i sitatet over, så fortel Gridley, Maxham og Hoff, at det som gjer jazz annleis frå populærmusikk er den improvisatoriske delen av musikken. Improvisasjon er ein viktig del av jazz og ein metode for musikarar til å kunne utrykke seg.

Jazz har seinare utvikla seg og blitt kombinert med mange ulike stiler. For eksempel, Jazz fusion, som er ein stilart der utøvarane set saman mange typar musikk sjangrar. Artistar som Miles Davis, Jimi Hendrix, John McLaughlin, Chick Corea, Herbie Hancock og Billy Cobham spilte ein stor rolle innanfor utviklinga av denne stilarten.

Typiske trekk for jazz fusion er:

- Rock instrumentering
- Funk rytmar
- Mykje fokus på improvisasjon
- Vektlegging av instrumentalmusikk (masterclass, 2021).

3 Metode

I dette metodekapittelet vil eg vise korleis eg har henta inn og samla empirien til oppgåva.

3.1 Transkripsjon

For å finne svar på problemstillinga mi så brukar eg transkribering som metode for å analysere gitarspelet til Beck, og for å forklare kva som blir gjort i soloane hans.

Transkribering er ein god måte for musikkforskarar å kunne analysere, tolke og lære kva som blir gjort i ulike komposisjonar og for å gje ei betre forståing av kva som foregår i musikken.

The most a conscientious transcriber can hope for is a plausible correspondence between his notation and what is actually heard on a recording; there is no such thing as a completely accurate transcription. But, this caveat notwithstanding, a transcription can make a performance 'hold still' so that we can observe it – or some traces of it – in detail.
(Winkler, 1988, p. 11)

Transkripsjonane vil sjølvsagt ikkje bli heilt nøyaktige i forhold til kva som blir spelt, men det viktigaste er å få ei forståing av kor og korleis dei ulike teknikkane blir brukt. Det som er viktig, er å vite kva Jeff spelar og kvifor han spelar slik han gjer.

3.2 Transkripsjonsprosessen

I transkripsjonsprosessen nyttar eg eit program kalla MuseScore, som er eit gratis noteringsprogram. Her har eg notert inn noter til soloane eg analyserer. Eg vil prøve å gje ei grei framstilling av teknikkar som vibrato, legato og bends, slik at det kan bli lettare å observere og analysere i etterkant. Etter transkriberinga vil eg skilje ut dei viktigaste delane av soloane som skal nyttast. Ei utfordring med notetranskribering kan vere å uttrykke kva teknikkar som blir brukt kor, men det kjem eg til å beskrive i etterkant med tekst. For å høyre kva som blir spelt, skal eg nytte eit program kalla tunetranskriber.com. Det er eit gratis onlineprogram som kan hjelpe med å transkribere musikk. Den har ulike verktøy, som til dømes å sakke ned tempoet i videoar, og å kunne loope eit parti. Det fungerer for mp3-filer og YouTube-videoar. Eg vil også legge vedlegg til alle låtane, så det er mogleg å høyre på.

3.2.1 Notasjon for gitar


Det finnest nokon teknikkar som må kunne beskrivast og noterast for å få ei betre forståing av korleis noko blir spelt.

Harmonics:



Eit diamantforma notehovud viser noteringa for harmonics.

Vibrato:




Dette er eksempel på korleis ein vibrato vil bli notert.

Vibrato av tremolo/whammy-bar:



Dette er korleis eg noterer ein vibrato skapt ved bruk av whammy-bar. Teiknet som står over nota er ein artikulasjonsnotat. Det finnest ulike metodar på korleis å notere dette, men i musescore er denne kalla for «Tremolo bar». Då vil dette indikere at vibratoen blir gjort med ein tremolo bar.

Tremolo bar scoop:



Teiknet som er notert over nota, vil nyttast når whammy gjer ein bend opp i pitch. Dette kan også bli kalla ein scoop, eller bend, med tremoloarm/whammy-bar.

Tremolo bar dip:



Dette er eit eksempel på korleis eg vil notere ein tremolo bar dip. Det vil sei at tremoloarmen blir brukt for å bende ein tone nedover i tonehøgd.

3.3 Analyse

Ein analyse er ein prosess som består av å studere noko nøyaktig eller bruka statistiske metodar for å kunna forstå noko eller forklare det. For å analysera ulike element av musikken så må ein gå gjennom ein prosess kalla kritisk lytting.

Critical listening is the process of actively analyzing and evaluating the sound of a track to identify technical and creative issues. This involves listening to a track multiple times, paying close attention to all aspects of the sound, including the balance between different elements, the frequency response, and the overall feel of the music. Critical listening requires a high level of focus, attention to detail, and an open mind to identify both strengths and weaknesses in the sound. (Musicproductionglossary, 2023).

Kritisk lytting er ofte meir relevant for musikkproduksjon og miksing til dømes. I dette tilfellet kan kritisk lytting koma i bruk ved transkripsjon og med tanke på analyse av sound og

utstyr. Av og til så er det vanskeleg å finne informasjon om kva som vart brukt på ulike låtar, då er ofte kritisk lytting eit bra hjelpemiddel i tillegg til egne erfaringar og dømekraft.

3.3.1 Analyse av sound og utstyr

Sound og utstyr er noko som er essensielt for kvar enkelt gitarist og musikar. For å kunna forstå kva Jeff Beck spelar og kvifor det let så unikt, så har lyden og utstyret stor betydning.

I resultatkapittelet vil eg sjå nærare på kva utstyr som blir brukt til dei valde låtane og om dette påverkar spelinga og lyden, til dømes:

- Kva amp blir brukt.
- Kva gitar blir brukt.
- Bruk av effektar og pedalar.
- Skildring av lyden.
- Korleis påverkar lyden spelinga?
- Korleis påverkar spelinga lyden?

Eg vil også sjå om utstyret har hatt ein særleg utvikling samtidig som dei ulike teknikkane blir utvikla. Mykje av informasjonen til dette vil bli henta inn frå YouTube-videoar, egne erfaringar, intervju med folk som jobba med Jeff Beck og Jeff Beck sjølv. Det finnst også bilete og videoar av folk som har dokumentert utstyr frå konsertar og studio.

Kva er sound?

Sound, omsett til det norske «lyd», er etter mi meining eit omgrep som fortel om korleis noko let. Til dømes Eddie Van Halen sin signaturlyd, er ein kombinasjon av kva utstyr og teknikkar som blir nytta for å skapa ein felles sound.

Cappelens musikkleksikon beskriv sound på denne måten:

Sound, vanlig begrep på norsk, innen jazz, pop og populærmusikk, betegner det klang- (lyd) bilde som er karakteristisk for et ensemble, en individuell instrumentalist eller en sanger. Arrangementteknikk, personlig stemme- eller instrumentbehandling og rytmiske, melodiske, melodiske og harmoniske faktorer er utslagsgivende for de enkelte sound. Soundbegrepet har mange fasetter, og står sentralt i de nevnte genrer, hvor en personlig utformet spille- eller sangstil, ofte med vekt på det klanglige, er noe meget

vesentlig. Det finnes ennå ingen dekkende terminologi til å beskrive en sound analytisk. (Kjeldberg, Silen & Stenkvis, 1980, s.114)

Sound er noko som kan variere i forhold til kontekst, sjangrar og instrument. For meg er sound noko som spelar ein veldig stor rolle som muskar og ikkje minst som gitarist.

Lars Nordgård Berntsen beskriv trommesound i si masteroppgåve slik:

«Det er mange ord og uttrykk som i musikalske kretser benyttes om trommesound, blant mye brukte uttrykk av min erfaring har vi for eksempel; tørr, punchy, åpen, lukket, tung, og lett. Slike lydbeskrivende ord fungerer godt i samspill når man ønsker en viss sound fra en instrumentalist, og er en inkorporert del av musikerens sjargong slik jeg opplever det (Berntsen, 2018, s. 8).»

Sjølv om dette er brukt for å beskrive trommesound, så føler eg det er relevant for gitar. Gitar-sound kan også variere i ulike uttrykk som tørr, punchy, feit, legato, stakkato, clean, vreng, distortion, stereo og mono.

For gitaristar er ofte sound referert som (på engelsk) «tone». «Tone» er som oftast det vi referer til når vi beskriver lyden av et instrument, eller dette tilfellet, ein gitar. Alexander U. Case, Agnieszka Roginska, Justin D. Mathew, Jim Anderson; Electric guitar - A blank canvas for timbre and tone, er ein artikkel som går i djupn på ulike faktorar innan gitar tone. Dei beskriv dette som hovudkomponentane til gitar tone, i denne rekkefølga:

- Teknikk og bevegelser
- Pickups (mikrofoner).
- Preamp og power amp.
- Driver breakup og stråling. (Forvrenging og gain nivåer).
- Mikrofon utvalg og plassering.

Det er fleire faktorar kor «tone» eller «sound» kjem frå. Denne artikkelen føler eg beskriv det ganske lett og forståeleg for dei fleste. Eit sound kan endrast kunn ved å bytte forsterkar, gitar, effektar osv. men det fundamentale, som korleis ein plukkar ei note eller kor hardt ein presser strengane på gripebrettet, har stor påverking på eit signatursound.

Som nemnt, så spelar det også stor rolle kva sjanger og kontekst ein er i og ulike gitaristar har til og med evnene til å etterlikne andre gitaristar eller tilpasse seg i forhold til sjanger.

Gitar tone kommer også i ulike terminologiar. I Premier Guitar sin artikkel om *Tone Terminology*, blir det beskrive nokon vanlege omgrep rundt gitar tone. Her er nokon få eksempel:

Fat/Round (feit/rund): Bra definert, mykje sustain, løs, bra dybde.

Crisp: Tydelig med med skarphet, rå (lite prossesert, naturell).

Bright: Tone med mykje topp (treble).

Crunchy: Tykk, varm break up. (Beskrivast ofte for gitar med litt vrenge). (Lucas, 2007).

4. Analyse av låtane

4.1 «Plynth (Water down the drain)»:

4.1.1 Sound og utstyr

Som nemnt tidlegare i teksten, er denne låta inspirert av, og er Jeff Becks svar på andre kjende band som Led Zeppelin. Det er også mogleg å høyre likskap med Ritchie Blackmore frå Deep Purple, spesielt på hovudriffet. 1969 var og eit år der Jimi Hendrix var ein stor inspirasjon for musikarar og gitaristar. Hendrix var kjend for bruken sin av Fender Stratocaster-gitarar kombinert med Marshall forsterkarar. Det finst bilete av Jeff Beck på denne tida, der han turnerer med 100-watt Marshall Plexi Super Lead, og det er stor sannsyn at han brukte dette i studio.

På dette albumet og låta, så er det tydeleg at Jeff Beck har brukt ein Fender Stratocaster-gitar. Jeff Beck er kjend for å nytte fleire typar gitarar i byrjinga av karrieren sin, men i denne innspelinga høyrer vi at det er tatt i bruk ein gitar med «floating tremolo».

Beck had switched to a sunburst '59 Gibson Les Paul Standard toward the end of his time with the Yardbirds, and that guitar was used for the majority of Truth and some of Beck-Ola - though much of the latter album was done with a stripped Fifties Fender Strat. The Strat tracks are easy to pick out as they marked the rebirth of Beck as the King of Whammy Bar Theatrics. Beck had switched to Marshall Super Leads by this point, aided by a wah pedal and a mysterious boost pedal that's often discussed by Beck gear cognoscenti. (Von Bader, 2020).

Jeff Beck brukte å veksle mellom Les Paul-gitarar og Stratocaster-modellar. Han hadde ein modell som var utan lakk eller trefarga. Denne vart han sett med ofte på 60 – 70 talet ved ulike TV-opptreningar. Det er mest sannsynleg Stratocaster-modellen han brukte på *Beck-Ola* albumet.

Solo-lyden Jeff Beck har valt er i utgangspunktet ein crunchy og "bright" Stratocaster-lyd. Det høyrer ut som han har gått for ein lyd med ein del topp/diskant og ikkje alt for mykje vring. Ut frå spelet og lyden hans kan det verka som Jeff bruker posisjon nr. 2 på pickupen sin. Dette gjer at kombinasjonen mellom bru-mikrofonen og midt-mikrofonen, utfører ein særegen twangy Stratocaster-lyd. På denne tida var det heller ikkje ein 5-way switch på

Stratocaster-modellane. Det var ein 3-way switch, der du valte enten bru-, midt- eller neck-mikrofonen, noko Leo Fender sjølv verdsette mest. Han likte reinheta til kvar enkelt mikrofon. (Owens, Fender, u.å), men det stoppa ikkje gitaristar frå å prøve å kombinere mikrofonane.

They found that by somewhat precariously lodging the switch in one of the two “in-between” spots—between the bridge and middle pickup positions or between the middle and neck pickup positions—they could get two different dual-pickup combinations (Owens, Fender, u.å).

Fleire gitaristar oppdaga fort bruken av å kombinere mikrofonane. Ved å sette saman bru- og mellom-pickupen, lærte dei fort at det produserte ein rik og distinkt lyd. Det same med å kombinere hals og mellom pickupen.

Karakteristikken for Marshall-forsterkarar er også at dei har mykje topp og mindre botn i lyden. Som ofte gjer at den kuttar bra gjennom i ein miks eller i ein band-kontekst.

«The classic Marshal tone is bright and aggressive – harsh, although in a musical way» (Andy Mc, 2021)

Som sitatet seier er ein klassisk Marshall-tone oftast referert til som bright og aggressiv. Det har mykje å gjere med pre amp-røra som har høgare vring og kombinert med et EQ filter som kuttar bassfrekvensane og framhevar toppfrekvensane. Dette gjev Marshall den klassiske «bitande» lyden. Denne kretsen er ofte lik sjølv om det er ein gammal Marshall JTM45, ein Superlead 100 (Plexi) ein JCM 800, eller meir moderne Marshall-forsterkarar.

4.1.2 Toneart og harmonisk informasjon for låta

Denne låta er basert på eit blueskjema i tonearten G dur og tempoet ligg på gjennomsnitt 120 BPM. Tempoet gjennom låta endrar seg stadig opp eller ned. Taktart til låta er 4/4.

Soloen startar på 1:35 og varer til 2:05. Låta kan høyrast her:

https://www.youtube.com/watch?v=eOkFMbrvgMw&ab_channel=JeffBeck-Topic

4.1.3 Transkripsjon



Takt 1-3

Soloen startar rett etter hovudriffet, og akkorden ligg på ein G5. Dette gjev Jeff Beck større fridom til å avgjera om han vil spele moll eller dur-skala. Første taktan spelar han ein F, som blir ein liten septim i G. I takt to spelar han ein Bb og D. Desse to tonane gjev ein moll-akkord i forhold til G5-akkorden. Når to tonar blir spelt saman, blir også dette rekna som ein "Doublestop". Doublestops er ein teknikk der det blir spelt to tonar frå ein skala eller akkord og er svært ofte brukt blant dei fleste gitaristar. I takt tre spelar han same tonane, i eit nytt rytmisk mønster. Slike gjentakingar er noko Jeff Beck brukar ofte. Dette kan minnst om funk inspirerte rytmar.



Takt 4-5

I takt 4 skifter harmonikken til ein C7-akkord, som er subdominanten. Her ser vi at Jeff byrjar på ein C og går opp ein oktav og ned igjen. Tredje tonen er markert med eit kryss, som indikerer at tonen blir dempa/muta. Etterpå har han ein kromatisk oppgang frå Bb - Cb - C. Det som skjer her er at han går inn og ut av moll- og durskala. Det er svært typisk i rock og blues improvisasjon. Bb er ein liten ters til G, og Cb er ein stor ters som blir dur. I takt 5 held han fram med eit mønster der han byrjar med ein dempa C og går kromatisk frå G - Gb - F.



Takt 6-7

I takt 6 avsluttar han frasen frå førre takt. På takt 7 går harmonikken tilbake til C7. Under C7 kan vi sjå at Jeff vel å spela noko som utgjer ein C mixolydisk skala eller G dorisk/moll pentaton.



Takt 8-9

På takt 8 ser vi at han byrjar frasen på ein C#. Dette vil då seie at han spelar over bluesskala til akkordane. Dette gjev oss ei betre forståing av kva skala han tenkjer i utgangspunktet. Vidare til takt 9, går akkordgrunnlaget tilbake til grunnakkorden G7. Her har han ein ny repetisjon av to tonar, F og G. Den blir repetert 4 gonger med lik rytmikk, berre at han forskyv frasen med ein 16 dels pause for kvar gong, som er nok eit eksempel på Beck's sitt bruk av gjentaking og/med rytmiske figurar.



Takt 10-11

I takt 10 byrjar han med å benda opp til D før han plukkar tonen og gjer ein skalanedgang til Bb. På slutten av takt 10, byrjar han på ein A og gjer ein slide opp til D, som er starten på neste frase. I takt 11 gjer han eit liknande tema som i byrjinga av soloen, der han dempar nedste tonen samtidig som han spelar melodiske linjer over, men denne gongen bruker han D som basstone til dei dempa tonane, sidan akkordane har byttet til dominanten D7. Det viser at Jeff brukar tematikk i soloen. Han tilpassar seg også i forhold til kva akkord som blir spelt og brukar akkordtonar.



Takt 12-14

I takt 12 går akkordane til C7. Han byrjar igjen med eit liknande mønster, der han dempar basstonane. Etter det spelar han reine 16-delar, som begynner på Bb og gjer eit løp opp til C og ned til G. Før takt 13 byrjar han frasen med siste 16-del, før akkordane og bandet markerer på slag 1. Her spelar han eit raskt løp med nedgang frå Bb til G. Han avsluttar løpet på ein Bb heilt til slutt og gjer ein «dip» med Whammy-baren opp igjen til Bb, og bruker tremoloarmen til å laga ein vibrato, som så avsluttar soloen. På siste Bb'en lagar han feedback med forsterkaren, før dei går i hovudriffet igjen.

4.1.4 Ornamentikk og bruk av Whammy-bar

Ut i frå Jeff Becks frasering og lyd, høyrest det ut som han allereie har byrja å eksperimentere med nye metodar og fraseringar. Tidlegare har han alltid vore kjend for å bruke plekter, men i denne soloen er det tydeleg at han brukar ein kombinasjon av både plekter og fingrar. I nokre delar av soloen kan ein høyre meir "attack" på strengene, noko som ofte er eit resultat av at ein brukar fingrane for å dra/plukke strengen.



Til dømes på takt 10 (1:55 på lydfila). Her høyrrar vi større «attack» på strengen i forhold til andre stadar i soloen, noko som indikerer at han brukar ein finger for å dra strengen. Gjennom soloen høyrest det ut som han alternerer mellom bruk av fingrane og plekter.



På nest siste og siste takt i låta (13 – 14) finn vi eit godt døme på Jeffs bruk av tremoloarm. Etter han treffer tonen Bb, gjer han ein dip/dive med whammy-baren og slepper han opp til

same tone. Han avsluttar med ein brei vibrato frå tremoloarmen. Dette er første og einaste bruk av tremoloarm i denne delen av låta.

I spelinga hans kan ein høyra mykje inspirasjon frå andre kjende gitaristar frå denne tida, blant anna Eric Clapton og Jimi Hendrix. Hendrix var kjend for å «overdrive» bruken av tremoloarmen med store vibratoar eller divebombs, noko som Jeff viser eit eksempel av her.

Gitarane på den tida var heller ikkje så godt designa for denne typen bruk, så det er lett å høyre etter soloen at gitaren er ustemt når han byrjar på riffet igjen. Det er også fleire døme av denne typen bruk av tremoloarm på «Beck-Ola»-albumet, men det var ikkje nødvendig å hente dette fram sidan det blir temmeleg repeterande.

4.1.5 Oppsummering av ulike funn

- Lite bruk av tremoloarm
- Gjentakning av rytmiske figurer
- Bruker fingre og plekter på høgre hand.
- Speler mykje av det som er typisk på den tida (Hendrix-, Clapton-, Blackmore-stil).
- Bruker tremoloarm på slutten av soloen.
- Bruker tremolo meir som ein effekt.

4.1.6 Tabell

Tabellen viser kor mange gongar dei framstilte parameterane blir funne. Det er ein betre oversikt i Vedlegg 1.

Parametrar	Talet på gonger (Taktar)
Bruk av tremoloarm til vibrato	1
Bruk av tremoloarm med harmonics	0
Bruk av tremoloarm for bends	1
Bruk av tremoloarm for melodisk speling	0
Bruk av tremoloarm for ornament	0

4.2 Freeway jam

4.2.1 Sound og utstyr

Blow by Blow vart gitt ut i 1975, noko som blir Jeff Beck sitt femte studioalbum under sitt eige namn.

Jeff brukte ein god del Les Paul-gitarar på slutten av 60-talet og i byrjinga av 70-talet. Som det går an å sjå på coveret av *Blow by Blow*. «The early Seventies saw him pick up the iconic modified oxblood '54 Gibson Les Paul that graces the cover of *Blow by Blow*.»

(GuitarWorld, Von Bader, 2020).

Men han brukte også ulike typar 70-tals Fender Stratocaster-gitarar. På «Freeway Jam» er det openbart at han brukar ein Stratocaster, med hensikt til speling og lyden.

Jeff Beck's gear at the time of "Blow By Blow" included a '54 Les Paul and '70s Strats through Marshall head/Univox cab, with boost and wah pedals. The solo on "Cause We've Ended as Lovers" played on '58 Tele w/humbuckers. Some reports say beck used a Fender Tweed at the time, as well. (Guitarplayer wordpress, 2008).

Lyden til Jeff på denne låta er ein blanding av overdrive og fuzz-tonar. Eg kan førestilla meg han bruker ein litt mindre Fender Tweed-forsterkar som er skrudd høgt opp, noko han stadig har brukt gjennom heile karrieren sin. Dette er også mogleg å høyre på lyden. Verd å merkje seg er at når han er på dei lågaste tonane, kan ein høyra ein del bass og fylldigheit i gitaren, samtidig som tonen høyrest ut som den har ein del mellomtone, noko som er karakteristisk for Fender Tweed-amper.

«Tweed amps have a characteristic fat mid-range, warm rich clean tones and wonderful throaty overdrive. Their tone is harmonically complex, and they are exceedingly touch sensitive. They are nothing like the modern Fenders covered in tweed; these are the real deal.» (Carl's Custom Amp, u.å.).

Eg legg òg merke til at han har brukt litt effektar på gitartonen sin. På første frasen i soloen (frå 2:39) kan du høyra når han sluttar å spele, så er det ein delay som held fram i etterkant. Denne typen delay er ofte kjend som slapback. Slapback er når delayen er stilt inn for å gi korte og få repetisjonar. Det er og veldig lett å høyre på frasen han spelar frå ca. 3:04 til 3:06.

Det høyrest ut som han skruv av og på effekten i løpet av soloen. Til dømes på den eine frasen som blir spelt frå 2:40 – 2:44. Etter han stoppar er det ingen delay eller reverb i etterkant. (Det kan enten vere delayen som druknar i miksen, eller at han skruv av og på delay via ein pedal).

4.2.2 Toneart og harmonisk informasjon for låta

Tonearten for denne låta er G7 (G miksolydisk). Heile soloen er spelt over ein vamp med to akkordar. G7 – G9sus4. Tempoet til låta ligg på ca. 131 bpm, men går mykje opp og ned gjennom heile låta. Låta kan høyrest her:

https://www.youtube.com/watch?v=u6jHIW414sQ&ab_channel=JeffBeck-Topic

Soloen startar frå 2:38 og varer fram til 3:12.

4.2.3 Transkripsjon



Takt 1-2

I takt 1 ser vi ein pentaton nedgang frå G til D. Første gong han treff ein D er på B-strengen også bender han opp til same tone etterpå, som er siste D-en notert. Før takt 2 spelar Jeff ein opptakt på siste 8.del, før han startar eit motiv der han nyttar hammer-on's og pull-off's. Han byrjar med å plukka første tone og gjer ein hammer-on – pull-off– hammer-on – pull off på kvar tone. Første gongen startar på F – G. Så C – D og til slutt, Bb – C. Med det som utgangspunkt, ser det ut som han tenkjer moll-pentaton skala over G7, noko som gjev eit blues-perspektiv på soloen.



Takt 3-4

I takt 3 ser vi Jeff sitt første bruk av tremoloarmen/gitar brua. Han spelar Bb to gonger, men kvar andre gong bruker han whammy-bar for å gjere ein liten trill/bend før han treffer G. Det verkar som han kvilar handa på brua, og bruker handflata for å lage desse ornamenta. På takt

4 gjer han ein variasjon av frasen frå takt 3. Det høyrst ut som han spelar Bb og gjer ein slide med fingeren frå G til Bb.




Takt 5 – 6




Takt 7 – 8

Jeff repeterer denne frasen heilt ut i takt 7. På takt 8 gjer ein double stop bend med D og G.



Takt 9-10

I takt 9 byrjar han igjen med ein double-stop bend. Samtidig som han bender bruker han ein vibrato med whammy-baren som går opp og ned i tonehøgde. Dette er hans andre bruk av tremoloarm i låta. Etter det byrjar han på ei frase inn til takt 10. Han spelar ein Bb to gonger og har ein nedgang som er A# - G - F - D - C også opp til G# og nedgang igjen frå C - Bb - G. Så opp ein ters og ned igjen til G.



Takt 11 – 12

Her spelar han ein G igjen som er avslutninga frå førre frase. På takt 12 gjer han ein oppgang der han spelar G to gonger og går opp ein liten ters, så ein stor ters til D.



Takt 13 – 14

På takt 13 – 14 spelar Jeff ein melodisk repeterande frase gjennom begge dei to taktane. Han byrjar på moll-tersten til G og utførar en pull-off til open G streng og gjer en tremolo-bar dip ned frå G til F. Dette blir repetert fire gonger fram til slutten av takt 14.



Takt 15 – 16

Han avsluttar denne frasen med eit bend frå Bb – B. Etter det speler han opp i lysaste registeret av gitaren. Der speler han G – G – F – G – F – G – G – G – G. Men kvar gong han går frå F til G gjer han eit bend i staden for å plukka tonen reint. Etter det bender han opp til ein D, på enden av takt 16. Han held fram denne frasen ut takt 17.



Takt 17 – 19

Her fortsett Jeff frasen frå slutten av takt 16. Her bender han opp til D, så ned til Db og opp til D igjen. Han byrjar med en opptakt til siste frase i takt 18 på siste 8.del der han spelar ein G. Etterpå spelar Jeff ei gjentakande linje frå D – ned ein stor ters til Bb, opp til D, ned til Bb igjen også opp til D. Til slutt gjer han ein skala nedgang (C – D – B) og ein stor ters ned til G, der G blir spelt to gonger og halde ut neste takt med en finger vibrato.

4.2.4 Ornamentikk og bruk av whammy-bar


I denne soloen er det tydeleg at Jeff Beck har byrja å bruka tremoloarmen som ein del av fraseringa si og i solospel. Han prøvar å bruke whammy-baren meir varierende og kreativt, så her er det heilt tydeleg at på dette tidspunktet har han øvd og utvikla eit vokabular.



Takt 3 – 4

Her ser vi første døme på bruk av tremoloarmen i denne soloen. Det er litt vanskeleg å vite kva han nøyaktig gjer, men det er klart at Jeff tek i bruk tremoloarmen eller brua. «Because I use my palm for vibrato, just pressing the bridge.» - Jeff Beck. (Guitar Player Wordpress, 2008).

Det kan då bety at Jeff bruker handflata for å «skubba» brua, slik at det han spelar går opp i pitch. Dette kan lyttast på frå 2:42 – 2:44



Takt 9 – 10

Her er neste bruk av vibratoarm i «Freeway Jam» soloen. Det Jeff gjer her, er som nemnt tidligare, å utføre ein double-stop bend, medan han bruker whammy-baren for å laga ein meir dramatisk vibrato. Her er det også lettare å gjere ein vibrato med tremoloarmen i motsetning til fingrane.



Takt 13 – 14

Dette er neste parti i låta Jeff Beck tek i bruk tremoloarmen. Det som er interessant er at han brukar whammy-baren melodisk innanfor G moll pentaton skala. Når han tek ein pull-off frå Bb til G, så ringjer G strengen ope. Då brukar han whammy-baren for å gjere ein bend frå G strengen ned til ein D, som utgjer denne kreative frasen.

4.2.5 Ulike funn

Her er det mogleg å observere at Jeff Beck har byrja å bruka tremoloarmen melodisk. Vi ser han vekslar litt med å bruka den som ein effekt, som på takt 9, der han gjer ei blanding av

double-stops og whammy-bar vibrato, noko som lagar eit røffare sound. Det er også klare døme på bruk av melodi og ornamentikk, som vist i takt 3 og 13–15.

Eg trur også han held litt tilbake på bruken av tremoloarmen på grunn av problem med stemming.

4.2.6 Oppsummering av ulike funn

- Bruker meir av whammy-bar.
- Går for ein ny type sound. Meir mellomtone-basert.
- Brukar tremoloarmen for å skape melodiar og fraser.
- Mykje repetisjon av fraser gjennom soloen.
- Har fraser og «triks» som er inspirert av, for eksempel Hendrix, men spelar mykje som seinare skal bli rekna særegent for Jeff Beck.

4.2.7 Tabell

Tabellen viser mengd gongar dei framstilte parameterane blir funnet. Det finnast betre oversikt på Vedlegg 2.

Parametrar	Talet på Taktar
Bruk av tremoloarm til vibrato	1
Bruk av tremoloarm med harmonics	0
Bruk av tremoloarm for bends	3
Bruk av tremoloarm for melodisk speling	3
Bruk av tremoloarm for ornament	1

4.3 Where Were You

4.3.1 Sound og utstyr

Låta «Where Were You» vart utgitt i 1989 på albumet *Jeff Beck's Guitar Shop*. Jeff var kjend for å eksperimentere med ulike gitarar og utstyr, så kva han brukte nøyaktig på denne komposisjonen er ikkje lett å vite.

Steve Lukather hadde ein kommentar angående Jeff Beck sitt utstyr.

«Well, that's the funniest thing in the world. I've played Jeff's guitar and with his band, Eddie's guitar and so on just to see. And I sound like myself, although playing through their gear you find yourself playing their licks! Some of Jeff's guitars are set up so strangely, though, that only he can play them». – Steve Lukather. (Jason Sidwell, 2023).

Lyden Jeff Beck bruker på «Where Were You» er velegna for ei ballade. Soundet her er veldig karakteristisk og ofte det ein kan identifisere Jeff Beck med. Han har mykje topp, mellomtone og lite botn. Dette kan vera fordi han brukar mange overtonar og det er lettare å få til med meir diskant i EQ'en. I tillegg har han overdrive på gitarlyden, noko som hjelper med å få fram overtonane på gitaren.

«Overdrive refers to the sound made by a tube amp that's pushed to its operating limit. Indeed, the purest overdrive sound comes from a maxed out tube amp, but since many players don't want to blast their audience with too much volume, they use stompbox effects pedals to create overdrive». (MasterClass, 2022).

Rundt 1989 begynte Jeff Beck å bruke ein Fender Stratocaster Strat Plus som var lansert i 1987, i følge Fuzzfaced sin artikkel om «The Jeff Beck Signature Stratocaster» (Calvosa, u.å). Det er også fleire dokumenterte bilder av Jeff rundt denne tida med ein Stratocaster pluss model.

Denne gitaren hadde noko kalla "first generation Trevor Wilkinson's Rollar Nut».



Figur 6 (B.Strange, 2021).

På bildet kan ein observere at «nøtta» der strengene går gjennom er laga av metall. (Som regel er det laga av bein eller plastikk). Dette gjer at gitaren vil halda seg betre stemt. Særleg ved bruk av tremolo-bar og gitar bends.

*«Jeff used the modified guitar during another tour of Japan, in 1989, before deciding (for the time) against developing a signature guitar and sending it back to Fender. In that year, Beck's landmark *Guitar Shop* album came out. According to Dan Smith the Strat Plus became Beck's guitar of choice: «That record had all those amazing harmonic tones and techniques on it. When Jeff tried to get those sounds live, the only guitar that worked was the Strat Plus, a model he hadn't originally cared for. Since the Lace Sensors had a little magnetic attraction, very little string pull, plus a wider magnetic field, they were great for harmonics. When Fender repaired the neck of the modified yellow Strat (due to finish issues) and installed a trio of Lace Sensor pickups, essentially turning it into a Strat Plus model, they again aroused Jeff's interest in his signature project. In October 1989, at the direction of Dan Smith and John Page, J.W. Black built three revised prototypes. One featured a blue finish like that of the Stratocaster on the *Guitar Shop* album cover.» (Calvosa, u.å.).*

Ifølgje C. Schiebel frå Guitar Lobby, brukte Jeff Beck ein Fender Princeton-forsterkar i lag med ein Twin amp for albumet *Guitar Shop*. Han bestemte seg for å gå for desse ampene i

staden for Marshall forsterkarar, på grunn av Fender sine tonale kvalitetar. Princeton-ampen har ein overdrive-kanal som gjorde det mogleg å få ein mellomtonebasert vreng.

På denne låta er det veldig lett å høyra kva effektar som blir brukt på gitaren, og tydeleg på innspelinga frå 0:13 – 0:18 (der han avsluttar frasen) at det er ein lang reverb i lag med delay. Delayen høyrer ut som om den er i mono sidan den ligg på midten i lydbildet/miksen ved repetisjonane. Det er litt vanskeleg å høyre om klangen er i stereo eller mono, men det verkar som den ligg i mono også.

Andy Aledort har ein leksjon på Guitar World: «In depth with Jeff Beck (Part 1)», (2010) https://www.youtube.com/watch?v=3ZpnhBjWeno&ab_channel=GuitarWorld. Frå 1:00 – 1.40, der han snakkar om korleis tremoloen er sett opp på Jeff Beck sin signatur Fendergitar. Han viser at om ein speler på G strengen og dreg tremoloarmen heilt opp, er det mogleg å bende nesten ein stor ters. Det er ofte normalt å ha tremolobaren sett slik at det går an å bende ein liten ters opp. I dette tilfellet nemner Andy Aledort at ved å setje opp tremoloarmen til å gå ein heil ters opp, kan ein spele ein liten ters og i tillegg ha rom for å leggje til ein vibrato. Dette er noko Jeff mest sannsynleg har gjort til låta «Where Were You», sidan vi kan høyre store bends med tremoloarmen.

Jeff speler også med fingrane på denne låta. Ein artikkel frå Guitar World «15 Jeff Beck lessons that will change the way you play», nemner dei at Jeff sin stil er hovudsakleg å spele med fingrane .«From the '80s Jeff's style is predominantly fingerstyle, often with the surprisingly simple approach of using just the thumb to pick with» (J.Bishop, 2023). Dette kan være av fleire grunnar. Å spele utan plekter gjev lettare tilgang og meir kontroll til tremoloarm. I tillegg har han byrja å bruke volumknappen på gitaren for å laga swell effekter. Dette kan lett høyrast på frasen frå 1:22 og 1:28.

4.3.2 Toneart og harmonisk informasjon i låta

«Where Were You» er ein av Jeff Beck sine mest kjende balladar. Låta er i fri form, altså at den ikkje har noko bestemt tempo. Det er lett å sjå for seg at på innspelinga følgde keyboardisten Jeff Beck sine ques. Jeff sin inspirasjon for denne låta skal vere frå eit bulgarsk kor, og det er mogleg å høyre at dette har ein innverknad ved bruk av whammy-baren og ulike ornament.

«On the masterpiece that is 'Where Were You', he plays the lion's share of the melody (reportedly very influenced by the Bulgarian State Radio & Television Female Vocal Choir AKA Les Voix Bulgares) with harmonics and very judicious use of the whammy bar, bending in and out of notes with just the right amount of wrist tension.» (Matt P, 2022).

Tonearten til låta er A dur og låta går i 4/4.

Låta er mogleg å høyre her:

https://www.youtube.com/watch?v=qz2L504Hu_A&ab_channel=JeffBeck-Topic

4.3.3 Transkripsjon



Takt 1-3

Låta startar med Jeff som spiller melodien aleine. Han byrjar på C# som ein opptakt, så går han opp ein liten ters til E. På takt 2 spiller han D – E – F# som ein skalaoppgang i 16-deler og landar på D. I tredje takt spiller han B – C# – D og held D-en ut takten. Jeff baserer melodien rundt A ionisk/dur skala.




Takt 4-7

På takt fire, spiller han ein D harmonic (overtone) og bruker tremoloarmen for å spela melodien. Der spiller han D – E – C# – D – B – C# – A – B. På takt fem begynner han på hovudmelodien igjen. Denne gongen gjer han ein variasjon i takt 7. Jeff spiller same melodioppgang, men på tredje 16.del gjer han ein trille med tremoloarmen frå F# – G. Jeff spiller melodien på G og B strengen. Desse to strengane er mest optimale å spele på for bruk av tremoloarmen sidan brua har meir å gå på, når det gjelder tonal rekkevidde eller *tension/release*. På dei tre midtarste strengane D – G – B kan brua gå lengst opp i tonehøgd. G strengen er til og med endå meir optimal, sidan det er den strengen som kan strekkast lengst.



Takt 8-11

Her blir melodien repetert som tidlegare. Med lik frasering og lyd. Etter takt 11, er det repetisjonsteikn og melodien startar på nytt. Denne runda blir keyboard/synth introdusert og speler akkordane. Jeff speler melodien på ein stad der harmonics er lettast tilgjengeleg. Som vist i kapittel 2, så er det ulike stadar ein kan spele overtonar på gitaren. Sidan Jeff speler melodien på G og B strengen, som tilsvara at han speler melodien på bånd 16, 17, 18, 19 (Takt 1 – 11), då er den nærmaste natural harmonic på bånd 19.



Takt 12-15

Her går låta inn i ein ny del og med nye melodiar. Som notert så er det spelt med natural harmonics og manipulasjon av whammy-bar. På takt 12 byrjar Jeff med ein harmonic på B og gjer ein nedgang med triolar. A – G – F# over akkorden D/F#, og held E-en ut takt 13. Der skiftar også akkorden til E med durters i bass. I takt 14 byttar akkordane til F med A i bass. Her speler Jeff ein variasjon av same melodi, slik at det passar over akkordane. Det verkar som om han tenkjer A-moll over desse akkordane. Han byrjar på same tonen (B). Så speler han same nedgang berre med oppløysingsteikn for G-en. Etter det går han ned skalaen til F# og avsluttar på E, på takt 15 over G/B akkorden. Alle harmonics blir spelt på G-strengen på 4 bånd, noko som gjer at det er lettare å kunne treffe dei ulike tonane. Han byrjar også begge frasane (som nemnt tidlegare) med ein volum-svell, frå volumknappen på gitar. Desse harmonics blir spelt på G strengen, band 4.



Takt 16-19

Frå takt 16 til 18 speler Jeff berre natural harmonics utan hjelp av whammy-baren. Han speler først G – F# – E – D – F# over B moll. På takt 17 speler han ein liknande frase/nedgang berre over E moll. Der speler han G – F# – E – B – D. På takt 19 speler han ein natural harmonic og bruker whammy-baren til å treffa dei ulike tonane. Over Bb spelar han C# – D – E – D – F. Denne frasen fortset inn til takt 20.




Takt 20-23

Her fortset frasen frå takt 19 og avsluttar med E – D. I takt 21 gjer han ein ny nedgang med harmonics og whammy-bar. I takt 22 skiftar akkorden til Esus4. Her speler han frasa over desse to taktane ved hjelp av harmonics og tremoloarmen.



Takt 24 – 27

Jeff går no inn i ein ny del med eit gjentakande motiv. Akkorden er framleis Esus4. Motivet blir spelt over ein pentaton og/eller dorisk skala. Han byrjar på B og går ned eit stort sekund til A. Han repeterer dette ned kvar streng, som då blir E –D neste, så A – G. Så avsluttar han på C# og går opp ein liten sekund til D, også ein kvart ned til A. Dette repeterer igjen i takt 26, berre at han avsluttar på D.



Takt 28 – 31

Her gjentek han same motivet berre ein stor sekund opp. Han gjentek dette to gonger og avsluttar på ein A# andre gongen. Akkorden i bakgrunnen er framleis Esus4. Sjølv om han spelar det same, ein stor sekund opp, så passer det over akkorden. Dette er eit godt eksempel på enkel skalabruk og motiv, noko vi såg Jeff gjorde tidlegare.

Takt 32 – 35

Her held han fram A#-nota han landa på i takt 31. I takt 33 byrjar Jeff på hovudmelodien igjen. Han spelar den nøyaktig likt som dei andre gongene.

Takt 36-39

Her fortsett det som tidlegare.

Takt 40-43

Repetisjon igjen.

Takt 44-45

Her avsluttar han komposisjonen med ein ny frase over D/F#. Han spelar F# og går ein liten ters opp til A. Så til G og ein liten ters ned til E og avsluttar med B – A og held (A) ut låta. Eit interessant val er at låta avsluttar på dominanten.

4.3.4 Ornametikk og bruk av whammy-bar

Denne låta er eit godt eksempel på Jeff Beck sin bruk av tremolo-arm. Her blir den brukt gjennom heile låta. Noko som er lett å sjå for seg er at Jeff har whammy-baren konstant i handa si mens han spelar. Alt av vibrato som er notert i denne låta er brukt av whammy-bar.



(Figur 7, bilde av Jeff Beck, David Redfern, 1990). <https://www.pinterest.ca/pin/guitarist-jeff-beck-performs-on-stage-at-the-hammersmith-odeon-in-london-england-in-july-1990--479633429061274697/>

I dette biletet er det mogeleg å observere at Jeff spiller med whammy-baren i handa. På dette tidspunktet virka det som han har stoppa å bruke plekter og gått over til å bruke fingrane. Dette biletet er tatt i 1990, eit år etter han slapp albumet *Jeff Beck's Guitar Shop*. Det er tilfelle der han ikkje spiller med whammy-bar i handa. Som oftast når han gjer noko meir teknisk og trenger bruk av fleire fingrar, eller ved speling av riff, men tremoloarmen ligg alltid lett tilgjengeleg for bruk.



Takt 1-3

Som det er mogleg å sjå her, så er det aktiv bruk av tremoloarmen. Kvar einaste lange tone er spelt med ein vibrato frå whammy-baren. Det er ganske lett å høyre, fordi tonen går både opp og ned i pitch når han gjer ein vibrato, noko som er vanskeleg å få til utan, med mindre ein

bender opp til ein note, (noko han ikkje gjer her). På denne komposisjonen kan ein høyre bruken hans av tommelen på høgre handa. Det er mogleg å identifisere at strengane blir plukka i staden for bruk av plekter, noko som gjer lyden litt mjukare i forhold. I tillegg, om han held tremoloarmen i handa, er tommelen fri og enklare å bruke.

I takt 4 ser vi unik bruk av harmonics og whammy-bar. Han spiller ein D harmonic tone og bruker tremoloarmen for å spele ei linje/frase. Dette gjer han stadig fleire stadar i denne komposisjonen. Her er alle eksemplane: (Eksempla markert med rødt er ved bruk av whammy-bar og harmonics).

The image displays eight staves of musical notation in treble clef, key of D major (two sharps). The notation includes various guitar-specific techniques and chord voicings. Red circles highlight specific instances of harmonics and whammy-bar use:

- Staff 1 (Measures 4-7):** Measure 4 features a D harmonic tone (indicated by a 'V' above the note) and a tremolo line. A red circle highlights the notes in measures 4-5. Chords Gadd9 and A are indicated above the staff.
- Staff 2 (Measures 8-11):** Measure 8 has a Bm chord and a tremolo line. A red circle highlights the notes in measures 9-10. A first ending bracket is shown in measure 11.
- Staff 3 (Measures 12-15):** Measure 12 has a D/F# chord and a tremolo line. A red circle highlights the notes in measures 12-13. Measure 14 has an F/A chord and a tremolo line, with a red circle highlighting the notes. Measure 15 has a G/B chord and a tremolo line.
- Staff 4 (Measures 16-19):** Measure 16 has a Bm chord and a tremolo line. Measure 17 has an Em chord and a tremolo line. Measure 18 has a Bm chord and a tremolo line. A red circle highlights the notes in measure 19.
- Staff 5 (Measures 20-23):** Measure 20 has a tremolo line and a red circle highlighting the notes. Measure 21 has a tremolo line and a red circle highlighting the notes. Measure 22 has an Esus4 chord and a tremolo line, with a red circle highlighting the notes. Measure 23 has a tremolo line and a red circle highlighting the notes.
- Staff 6 (Measures 36-39):** Measure 36 has a Gsus2 chord and a tremolo line. A red circle highlights the notes in measures 37-38. Measure 39 has a Gsus9 chord and a tremolo line, with a red circle highlighting the notes. Measure 40 has an A chord and a tremolo line.
- Staff 7 (Measures 40-43):** Measure 40 has a D/F# chord and a tremolo line. Measure 41 has a Bm chord and a tremolo line. A red circle highlights the notes in measures 42-43.

Dette er alle gongene gjennom låta Jeff bruker whammy-bar saman med harmonics. Det er interessant å sjå korleis han klarer å følge akkordane og skalaene ved denne type speling. Dette krev godt gehør og kontroll på intonasjon for å kunne gjennomføre.

4.3.5 Oppsummering av ulike funn

- Meir bruk av tremolo-arm
- Bruker tremolo-arm melodisk
- All vibrato blir brukt av tremolo-arm
- Jeff speler meir med harmonics
- Bruker harmonics og whammy-bar for å skape melodiar
- Har fått eit særeigent sound og frasering.
- Bruk av tremolo-arm og fingrar har blitt ein del av hans vokabular.

4.3.5 Tabell

Tabellen viser mengd gongar dei framstilte parameterane blir funnet. Det finnast betre oversikt på Vedlegg 3.

Parametrar	Talet på gonger (Taktar)
Bruk av tremoloarm til vibrato	25
Bruk av tremoloarm med harmonics	18
Bruk av tremoloarm for bends/dip	14
Bruk av tremoloarm for melodisk speling	15
Bruk av tremoloarm for ornament	1

5 Drøfting/Konklusjon

5.1 Kva er unikt med tremolo bar-teknikken til Jeff Beck

- Jeff Beck's bruk av skalaer og frasering

Jeff Beck kjem frå ein bakgrunn med blues og R&B-musikk frå 50- og 60-talet. Han er ikkje nødvendigvis kjend for å være ein «teoretisk» spelar, som andre gitaristar med klassisk eller jazz-bakgrunn. I soloane eg har transkribert, blei det for det meste brukt ei blanding av pentatoniske, miksolydiske og doriske skalaer. I «Where Were You» veksla han mellom bruk av ionisk durskala og eolisk mollskala. I improvisasjonane, fokuserte han stort sett på nemnde skalaer. Det eg finn interessant angående Jeff si spelning, er at det ikkje verkar som han tenkjer på kva skala som passar over kva akkord, men at hans musikalitet og gehør klarar å hjelpe han å uttrykkje det han vil og føler.

Noko Jeff stadig brukar i sine soloar og melodiar, er bevisst bruk av gjentakning og sekvensar. Han er ikkje redd for å repetere et motiv, fraser eller melodi fleire gonger. «*Repetition is a guaranteed way to make you sound more convincing. It also has a number of other benefits. When you repeat an idea your audience will start to predict it coming again and when it does they will feel satisfied*» (Elite Music Academy, u.å). Repetisjon er ein fin måte å tiltrekke publikum/lyttaren på, for så å kunne overraske dei.

- Jeff Beck's bruk av whammy-bar til vibrato

Noko som er likt med alle tre soloane er måten Jeff bruker whammy-baren til vibrato. Vibratoen hans er nokså rask og intens. Frå låten «Plynth», når Jeff avsluttar soloen med ein rask vibrato frå tremolo-baren som ein effekt og nokså overdriva, og vidare 20 år seinare, på komposisjonen «Where Were You», der ein kan høyre i hans «vanlege» vibratoar, at dei ofte er raskare utført. Dette kan høyrast dei første 5 sekunda etter første frasen i låta «Where Were You». Det som også er interessant er at sjølv om vibratoen er rask, så er den ikkje nødvendigvis aggressiv, men er spelt med finesse og mjukheit, som har utvikla seg gjennom årene. Her er det ei klar framgang kor vi kan høyre at vibratoen hans har blitt meir delikat og musikalsk. På «Freeway Jam» kan ein også høyre Jeff Beck sin vibrato utan tremolo-armen (3:10 – 3:12). Her fins det likheit, sjølv om han ikkje brukar tremolo-armen. Jeff Beck sin vibrato verkar å være rask og bestemt naturleg. Etter Jeff har begynt å bruke tremolo-armen, så er vibratoen hans endå meir særeigen. Grunnen til dette kan være med at med ei blanding

av hans raske vibrato og tremolo-arm, så skapar det ein unik lyd. Som nemnt tidlegare, vil vibrato-armen gå opp og under i tonehøgder frå plukka tone, i staden for vanleg finger-vibrato. Kvifor er dette viktig? Ein gitarist sin vibrato kan være eit kjenneteikn på ein personleg stil. Ein vibrato er ofte noko som gjer ein gitarist unik og kan gjere det lett å skilje gitaristar frå kvarandre. For eksempel, Eric Clapton har ein tregare vibrato, mens Paul Kossoff har ein mykje raskare og intens vibrato.

- Utviklinga av tremolo-arm teknikken

Som nemnt er det ca. 20 år mellom «Plynth» og «Where Were You». Spelinga til Jeff har vore i konstant utvikling gjennom desse åra. I tida rundt *Beck-Ola*, var ulike gitaristar som for eksempel Jimi Hendrix verdsberømte, og det er mogleg å høyre at Jeff har vore inspirert av han. Hendrix, som også var kjend for å spele på Fender Stratocaster-modellar, brukte blant anna store Marshall-forsterkarar og skapte feedback med gitaren og høgtalarane – i tillegg til bruk av tremolo-armen som effekt i tillegg til dive bombs eller store vibratoar. Dette er mogleg å høyre på slutten av «Plynth». På «Freeway Jam» har Jeff starta å utvikle litt nyare og spennande vokabular. Her tar han i bruk brua på gitaren og tremolo-armen og nyttar dei for små ornament og i tillegg tremolo-armen for å skape fengande frasar og melodiar. På denne tida av karrieren var han endå ikkje gått fullt over til å bruke kun Stratocaster-gitarar og vibrato-arm.

Om vi går ut frå dei ulike parametera som var framstilt i resultatkapittelet, så er det openbart ei utvikling som har oppstått. For kvar låt er det mogleg å erkjenne større og større evolusjon og bruk av diverse teknikkar frå tremolo-armen.

Eg har filosofert ganske lenge på kva som er bakgrunnen for Jeff sin måte å bruke vibrato-armen på. Eg har undersøkt låtane eg transkriberte og andre låtar på slutten av karrieren hans som inneheld mykje tremolo-arm-bruk. Det som stod ut for meg var at eg ofte kunne ta feil om det vart brukt vibrato-arm eller en slide. Det får meg til å tenkje at Jeff sin bruk av vibrato-arm er stort inspirert av slide-speling og frasering. Jeff har brukt slide i fleire kontekster gjennom karrieren sin, så om dette er Jeff's bakgrunn og inspirasjon for hans berømte vibrato arm teknikk, er ikkje umogleg.

- Jeff Beck sin gitarlyd

Etter å ha analysert lyden til Jeff Beck, så har han gått gjennom ulike fasar og stadig endra på lyden. I byrjinga av solokarrieren hans brukte han store Marshallforsterkarar, som var forholdsvis prega og inspirert av Jimi Hendrix, Eric Clapton og andre gitaristar som var

populære i denne epoken. Denne lyden var basert rundt mykje topp og lite botn, noko som er karakteristisk for Marshallforsterkarar. I løpet av *Blow by Blow* spelte han mykje på Fender Tweed-forsterkarar, som har meir mid- og bassfrekvensar. På albumet *Jeff Beck's Guitar Shop* gjekk han i same retninga med Fender-forsterkarar.

Etter å ha høyrte på desse innspelingane og andre for referanse, så har eg kome fram til at lyden til Jeff Beck er også lite prosessert. Det er lite effektar og pedalar som blir tatt i bruk og til tider høyrast det ut som han har plugga gitaren rett i forsterkaren. «Were Were You» er låta med mest effektar, men han bruker ikkje noko meir enn klang, delay og (mest sannsynleg) naturleg vreng frå ampen. På «Freeway Jam» er det også mogleg å høyre hint til slapback-delay, der han skrur den av og på i løpet av soloen. Ut i frå dette så gjer Jeff Beck eit stort intrykk av korleis ulike tonar og lydar er mogleg å skape ved lite bruk av pedalar. Det verkar som om mesteparten av hans «sound» kjem frå fingrane. Han klarer også å utnytte dei tonale moglegheitene som gitaren kan skape, til hans bruk.

5.2 Kva har eg lært av dette?

Gjennom transkribering og refleksjon rundt denne oppgåva og emnet, så har dette lært meg rikeleg mykje som musikal og gitarist. Å analysere ein gitarist som Jeff Beck, som er rekna som ein av dei mest innovative gitaristane i verda, har inspirert meg og gitt meg nye moglegheiter til å reflektere korleis eg kan skape mitt eige sound, vokabular og gitt idear til spelinga mi. Som gitarist er ein ofte veldig opptatt av å finne rett utstyr, gitar, forsterkar, og så vidare. Eg har innsett kor avhengig eg er av å ha pedalar og riktig utstyr for å få mitt sound. Gitaren er i utgangspunktet eit fantastisk verktøy for å skape ulike lydar og effektar og det er noko som er viktig å hugse på, i staden for å bli alt for opphengt i anna utstyr rundt instrumentet – noko Jeff Beck er flink til å utnytte. I forhold til arbeidet med denne oppgåva har eg også lært meg å spele soloane, samtidig som eg har transkribert dei for å få kjennskap til kva Beck spelar, og i tillegg lære korleis han bruker ulike teknikkar. Det har hjulpet meg å skape nye frasar i spelinga mi og har gitt meg ein betre forståing av korleis eg kan utnytte tremolo-armen til mitt eget bruk. Å ha ein whammy-bar gjev ein gitarist eit ekstra verktøy for å kunne uttrykkje seg. Når eg improviserer og spelar ein solo, så må eg ikkje bruka den, men eg har uansett ein moglegheit for å integrere den i spelinga.

5.3 Svakheiter i oppgåva

Etter å ha jobba med denne oppgåva har eg oppdaga nokre svakheiter. I analysen går eg gjennom transkripsjonen til låtane og nokon av dei dynamiske aspektane frå desse soloane kan være utfordrande å uttrykkje skriftleg. Jeff Beck er ein musikar som uttrykkjer seg mykje med dynamikk og kjensle, noko som er vanskeleg å få med i transkripsjonen og i analysen. Ei anna svakheit i oppgåva er gyldigheita i transkripsjonane. Transkripsjonane er mi fortolking av desse soloane og kva Jeff Beck spelar, og kan aldri bli hundre prosent nøyaktig, men dette har heller ikkje vore formålet med oppgåva. Transkriberinga er kun brukt for å få eit overblikk av kva Jeff spelar og gjer. Ettersom eg har jobba med transkripsjonane og oppgåva, har eg innsett at notering av denne type gitarspelning kan være utfordrande om det blir brukt som ein undervisningsmetode, og særleg visst man ikkje har lydfilet å gå ut i frå.

6. Avslutning

6.1 Oppsummering

I kapittel 1/innleiinga, presenterte eg bakgrunnen for val av tema for denne oppgåva, mi interesse for tematikken og ei beskriving av problemstillinga. Eg går også gjennom låtane eg har valt å transkribere til oppgåva, og grunnlaget for at desse tre komposisjonane vart valt.

I kapittel 2 presenterte eg teoriar knyta til oppgåva. Her har eg valt å skrive om biografien til Jeff Beck, kva ein whammy-bar er for noko, ulike teknikkar relatert til oppgåva, kva sjangrar Jeff Beck arbeidde innafor og i tillegg litt informasjon rundt dette.

I kapittel 3 introduserte eg diverse metodar relevant for forskinga mi. Her går eg gjennom transkripsjon og transkripsjonsprosessen, ulike notasjonstypar for gitar relevante for transkriberinga, analyse, og analyse av sound og utstyr.

I kapittel 4, som er resultat/analysekapittelet, la eg fram ulike punkt relatert til transkripsjonane mine; analyse av sound og utstyr; toneartar og harmonisk grunnlag for låtane, transkripsjon, ornamentikk og bruk av whammy-bar, ulike funn og ein tabell som framstiller ulike parameter og kor mange gonger dei presenterte parameterane er funne.

I kapittel 5 gjekk eg gjennom ulike funn frå analysekapittelet og drøfta rundt kva eg fant i resultatkapittelet. Eg hadde også et underkapittel der eg går gjennom nokre svakheiter ved oppgåva.

6.2 Svar på problemstillinga

Problemstillinga mi var: Kva gjer whammy-bar-teknikken til Jeff Beck så eigenarta?

Ved hjelp av transkripsjonar og analysar, så laga eg ein tabell der eg viser kor mange gongar Jeff bruker ulike teknikkar og metodar knyta til tremoloarmen.

Jeff Beck har klart å utvikle ein unik spelestil som skilja seg ut frå mengda. Dette er ein kombinasjon av både teknikk, sound og sjangrar som skapar ein unik måte å uttrykkje seg musikalsk på.

Eit konkret svar på problemstillinga kan være slik: Jeff Beck sin bruk av whammy-baren er unik i form av hans musikalitet og korleis han meistrar å bruke vibrato-armen som ein «utviding» av armen hans. Han greier å handtere vibrato-armen som eit musikalsk verkemiddel for å formidle teknikkar som bends, ornament, vibrato og melodisk speling. For

meg det som verkeleg står ut, er korleis han klarer å manipulere tremoloarmen for å framføre melodiske melodiar og fraser. Han utfører ein teknikk som ikkje berre er unik, men å spille dette på høgt nivå med stor artikulasjon og utan feil krevjar mykje øving og talent. Eit opptak i studio kan ofte bli gjort med mange innspelningar og gjentakningar, men etter å ha undersøkt live-spelingar på YouTube av, for eksempel, «Where Were You» og ikkje minst sett han live personleg, så klarar Jeff å gjennomføre dette perfekt i dei fleste kontekstar utanom studio.

6.3 Grunnlag for vidare forskning

Med tanke på dei ulike avgrensingane som vart gjort i denne oppgåva, så vil eg påstå at det er moglegheit for vidare forskning på dette temaet. Det er mogleg å forske på andre aspektar til Jeff Beck sin speling, som frasering eller komposisjonar. Jeff hadde ein lang karriere, så det finnest andre tidsepokar av hans karriere som kan analyserast, både med tremolo-arm-bruk og andre subjekt. Det er også mogleg å sjå korleis han har utvikla vibrato-arm teknikken sin sidan *Jeff Beck's Guitar Shop* til hans død i 2023.

Litteraturliste – Bøker og Artiklar

Alexander U. Case, Agnieszka Roginska, Justin D. Mathew, Jim Anderson; Electric guitar - A blank canvas for timbre and tone. *Proc. Mtgs. Acoust.* 2 June 2013; 19 (1): 015039.

<https://doi.org/10.1121/1.4800310>

Berntsen, L. N. (2018). Hva skaper en trommeslagers sound?: Med hovedvekt på touch og anslag. (Masteroppgave). Universitetet i Agder.

Gridley, M., Maxham, R., & Hoff, R. (1989). Three Approaches to Defining Jazz. *The Musical Quarterly*, 73(4), 513–531. <http://www.jstor.org/stable/741817>

Kjeldberg, E., Silen, L., Stenkvisst, L. (1980). Cappelens Musikkleksikon. Oslo: J.W. Cappelens Forlag

Winkler, P. (1988). Randy Newman's Americana. *Popular Music*, 7(1), 1-26.

Litteraturliste – Internettkilder

Acoustic Guitar editors. (2013, 25 april). *Acoustic Guitar Notation Guide*. Acoustic Guitar.

[https://acousticguitar.com/acoustic-guitar-notation-guide/#:~:text=Standard%20notation%20is%20written%20on,order%20from%20A%20to%20G.&text=The%20duration%20of%20a%20note,see%20below\)%20equals%20four%20beats](https://acousticguitar.com/acoustic-guitar-notation-guide/#:~:text=Standard%20notation%20is%20written%20on,order%20from%20A%20to%20G.&text=The%20duration%20of%20a%20note,see%20below)%20equals%20four%20beats)

Adams. N, (2023, 21 september) *How to Use a Guitar Whammy Bar*. Wikihow.

<https://www.wikihow.com/Use-a-Guitar-Whammy-Bar>

Andy Mc. (2021, 5 november). *What's the Difference Between the Classic Fender, Vox and*

Marshall Guitar Amps? Noisegate. <https://noisegate.com.au/whats-the-difference-between-the-classic-fender-vox-and-marshall-guitar-amps/#:~:text=Marshall%20amps%20were%20started%20by,although%20in%20a%20musical%20way>

Baker, (2022, November, 24). *How To Use A Whammy Bar*. Frontman Philosophy.

<https://frontmanphilosophy.com/whammy-technique/>

Bishop, (2023, 30 mars). *15 Jeff Beck guitar lessons that will change the way you play*.

Guitar World.

<https://www.guitarworld.com/lessons/15-jeff-beck-guitar-lessons-that-will-change-the-way-you-play>

Blackstar Potential Lessons, (u.å) *How to play harmonics*. Blackstar Amplification.

<https://blackstaramps.com/lessons/how-to-play-harmonics/>

Britannica, T. Editors of Encyclopaedia (2024, April 10). *Jeff Beck*. Encyclopedia

Britannica. <https://www.britannica.com/biography/Jeff-Beck>

Britannica, T. Editors of Encyclopaedia (2024, April 10). *Jeff Beck*. Encyclopedia Britannica.

<https://www.britannica.com/topic/Blow-by-Blow>

Calvosa. (u.å). *The Jeff Beck Signature Stratocaster*. Fuzzfaced.

<https://www.fuzzfaced.net/jeff-beck-stratocaster-models.html>

Carl's Custom Amps (u.å). *Classic Tweed Series*. Carl's Custom Amps.

<https://carlscustomamps.com/intro-to-tweed-classics>

Childers, (Januar, 2023). *Brian May Reveals Which Jeff Beck Song He Considers 'Most Beautiful Bit of Guitar Music Ever Recorded'*. Loudwire. <https://loudwire.com/brian-may-jeff-beck-considers-where-were-you-most-beautiful-bit-guitar-music-ever-recorded/>

Collins COBUILD, (u.å). *Analysis*. Collins Dictionary.

<https://www.collinsdictionary.com/dictionary/english/analysis>

Elgitar.com. (2011) *Overtone*. Elgitar.

<https://www.elgitar.com/overtone>

Elite Music Academy. (u.å). *Playing Like A Pro: Using Repetition To Build A Great Solo*.

Elite Music Academy <https://elitemusic.ca/playing-like-a-pro-using-repetition-to-build-a-great-solo/>

Erlewine. S.T (u.å) *Jeff Beck Biography* <https://www.allmusic.com/artist/jeff-beck-mn0000240865#biography>

Farmosa. (2023, 10 oktober). *A brief history of Tremolo*. Premier Guitar.

<https://www.premierguitar.com/gear/a-brief-history-of-tremolo>

Frith, S. (2024, March 29). *rock*. Encyclopedia Britannica.

<https://www.britannica.com/art/rock-music>

Grammy Awards (u.å) *Artists: Jeff Beck*. Grammy. <https://www.grammy.com/artists/jeff-beck/293>

Green. (2020). *Sight reading for guitar*. Rebus Community.

<https://press.rebus.community/sightreadingforguitar/chapter/more-notes-on-the-first-string-extended-techniques/>

Grey, (u.å). *Guitar Vibrato Technique*. Hub Guitar. <https://hubguitar.com/technique/vibrato-overview>

Guitarplayer Wordpress (2008, 30 mai.) *George Martin on the Making of Jeff Beck's Blow By Blow + Jeff Beck Gear Guide!* Guitar Player Wordpress.

<https://guitarplayer.wordpress.com/2008/05/30/george-martin-on-the-making-of-jeff-beck%E2%80%99s-blow-by-blow-jeff-beck-gear-guide/#:~:text=Jeff%20Beck's%20gear%20at%20the,at%20the%20time%2C%20as%20we>
[ll](#)

Guitar World, Aledort. (2010, 22 juni). *In Deep with Jeff Beck (Part 1)*. [Video]. Youtube.

https://www.youtube.com/watch?v=3ZpnhBjWeno&ab_channel=GuitarWorld

Houghtaling (u.å) *PITCH CONTROL: A TREMOLO PRIMER*. Fender.

<https://www.fender.com/articles/techniques/pitch-control-a-tremolo-primer>

Jeff Beck. (2016, 16 juli). *Where Were You*. [Video]. Youtube.

https://www.youtube.com/watch?v=qz2L504Hu_A&ab_channel=JeffBeck-Topic

Jeff Beck. (2014, 9 november). *Plynth (Water Down the Drain) (2004 Remaster)* [Video].

Youtube. https://www.youtube.com/watch?v=eOkFMbrvgMw&ab_channel=JeffBeck-Topic

Jeff Beck. (2014, 8 november). *Freeway Jam*. [Video]. Youtube.

https://www.youtube.com/watch?v=u6jHIW414sQ&ab_channel=JeffBeck-Topic

JeffBeck.com (2016, 16 juni). *CLASSIC ALBUM OF THE MONTH: BECK-OLA*. Jeff Beck.

<http://www.jeffbeck.com/classic-album-of-the-month-beck-ola/>

JeffBeck.com (2017, 18 Oktober). *JEFF BECK'S GUITAR SHOP ANNIVERSARY*. Jeff Beck.

<http://www.jeffbeck.com/jeff-becks-guitar-shop-anniversary/>

Jenkins. (2021, 7 desember). *What is the nut?* The Music Gallery.

<https://musicgalleryinc.com/blogs/matts-blog/what-is-the-nut-on-a-guitar#:~:text=Every%20guitar%20has%20a%20nut,%2C%20tuning%20stability%2C%20and%20tone>.

Jones, (2023, 12 januar). *Jeff Beck*. Last.fm. <https://www.last.fm/music/Jeff+Beck/+wiki>

Lucas, (2007, 16 mars). *Tone Terminology*. Premier Guitar.

<https://www.premierguitar.com/tone-terminology>

- Marshall, (2020, 20 juni). *MASTERING THE WHAMMY BAR*. Marshall.
<https://staging.marshall.com/legacy/live-for-music/making-music-with-marshall/whammy-bar>
- Masterclass (2021, June 7) *Rock 'n' Roll Music Guide: 4 Characteristics of Rock 'n' Roll*. Masterclass. <https://www.masterclass.com/articles/rock-n-roll-music-guide>
- Masterclass (2021, June 15) *Jazz Fusion Guide: A Brief History of Jazz Fusion*. Masterclass.
<https://www.masterclass.com/articles/jazz-fusion-guide>
- MasterClass. (2022, 2 september). *Guitar 101: What Is the Difference Between Overdrive, Distortion, and Fuzz?* Masterclass. <https://www.masterclass.com/articles/guitar-101-what-is-the-difference-between-overdrive-distortion-and-fuzz>
- MacFarlane. (u.å). *Harmonics*. Guitar Lesson World.
<https://www.guitarlessonworld.com/lessons/harmonics/>
- Mater Christi, (2020, 5 juli). *Music Analysis: Music Analysis*. Mater Christi College.
<https://materchristi.libguides.com/musicanalysis>
- Matt P. (2022, 7 juli). *Jeff Beck's Guitar Shop With Tony Hymas & Terry Bozzio*. Moving the river. <https://movingtheriver.com/2022/12/07/jeff-becks-guitar-shop-with-tony-hymas-terry-bozzio/>
- Musescore (u.å). <https://musescore.org/nb>
- MusicProductionglossary. (2023). *Critical Listening*. Musicproductionglossary.
<https://musicproductionglossary.com/what-is-critical-listening/>
- Owens. (u.å). *HOW TO USE THE STRATOCASTER PICKUP SELECTOR SWITCH*. Fender.
<https://www.fender.com/articles/instruments/sounds-aplenty-the-stratocaster-pickup-selector-switch>
- Pickupmusic. (u.å). *The ultimate guide to reading guitar TAB*. Pickup music.
<https://www.pickupmusic.com/blog/the-ultimate-guide-to-reading-guitar-tab>
- Redfern, D (1990). *Guitarist Jeff Beck performs on stage at the Hammersmith Odeon in London, England in July 1990*. Pinterest. <https://www.pinterest.ca/pin/guitarist-jeff-beck-performs-on-stage-at-the-hammersmith-odeon-in-london-england-in-july-1990--479633429061274697/>

- Resnicoff, Brakes, Gore, (2022, 29 september). *“I Shouldn’t Have Done ‘Blow by Blow’”*: Jeff Beck Reveals His Regrets in This Hilarious Interview. Guitar Player. <https://www.guitarplayer.com/players/i-shouldnt-have-done-blow-by-blow-jeff-beck-reveals-his-regrets-in-this-hilarious-interview>
- Ruhlmann, (u.å) *Beck-Ola review by William Ruhlmann*. Allmusic. <https://www.allmusic.com/album/beck-ola-mw0000674402>
- Schiebel. (2020, 7 mai). *Jeff Beck Guitars and Gear List (2024 Update)*. Guitar Lobby. <https://www.guitarlobby.com/jeff-beck-guitars-and-gear/>
- Schuller, G. (2024, March 20). jazz. Encyclopedia Britannica. <https://www.britannica.com/art/jazz>
- Sharma. (2023, 14 mars). *How Jeff Beck changed guitar music forever*. Guitar World. <https://www.guitarworld.com/features/how-jeff-beck-changed-guitar-music-forever>
- Sidwell. (2023, 7 mars). *Steve Lukather: “I played Jeff Beck and Eddie Van Halen’s guitars – and I sounded like myself. But some of Jeff’s guitars were set up so strangely only he could play them”* Guitar World. <https://www.guitarworld.com/features/steve-lukather-jeff-beck>
- Songfacts, (u.å) *Freeway Jam by Jeff Beck*. Songfacts. <https://www.songfacts.com/facts/jeff-beck/freeway-jam>
- Steinberg (u.å). *Vibrato bar techniques*. Steinberg.help. https://steinberg.help/dorico/v4/en/dorico/topics/notation_reference/notation_reference_guitar_techniques/notation_reference_guitar_vibrato_bar_techniques_c.html
- Strange. (2021, 23 april). *Installing a Fender LSR roller nut*. Strange guitarworks. <https://www.strangeuitarworks.com/installing-fender-lsr-roller-nut/>
- Stoner. (2021, 27 september). *Guitar whammy bars: what you need to know*. Guitar World. <https://www.guitarworld.com/features/guitar-whammy-bars-what-you-need-to-know>
- Sweetwater. (2022, 9 august). *Understanding the Fender Pop-in Trem Arm*. Sweetwater. <https://www.sweetwater.com/sweetcare/articles/understanding-the-fender-pop-in-trem-arm/>
- Thorpe, (2018, 17 mai) *NATURAL HARMONICS ON GUITAR – PART 2*. Fundamental Changes. <https://www.fundamental-changes.com/natural-harmonics-part-2/>

Tremolos.com, (u.å). *Tremolos, Whammy or Vibrato Bars? A tale on tailpieces!* Tremolos. <https://tremolos.com/featured/history-of-the-tremolo-vibrato-or-even-whammy-bar-if-you-prefer/>

Verbit Editorial (u.å) *How and why to transcribe music.* Verbit. <https://verbit.ai/how-and-why-to-transcribe-music/>

Von Bader. (2020, 13 februar). *Jeff Beck's guitar gear: a guide through the ages and stages.* Guitar World. <https://www.guitarworld.com/features/jeff-becks-guitar-gear-a-guide-through-the-ages-and-stages>

Wilde, R (2023, 23 juli) *7 Most ESSENTIAL Guitar Bridge Types? EVERYTHING You Need To Know!* Guitarskill Planet. <https://guitarskillsplanet.com/guitar-bridge-types/>

Vedlegg 1: «Plynth» - Transkripsjon

Plynth

Water down the drain

Nicky Hopkins, Rod Stewart, Ronnie Wood

$\text{♩} = 120$ G5

4 C7 G7

6 C7

8 G7

10 D7

12 C7 G5

Vedlegg 2: «Freeway Jam» - Transkripsjon

Freeway Jam

M. Middleton

♩. = 131

The musical score for "Freeway Jam" is written in 12/8 time with a tempo of 131. It consists of eight staves of music. The first staff begins with a G7 chord and a melodic line of eighth notes. The second staff features a G9sus4 chord and a melodic line with accents. The third staff continues with G7 and G9sus4 chords and a steady eighth-note melody. The fourth staff also features G7 and G9sus4 chords and a melodic line with accents. The fifth staff has a G7 chord and a melodic line with a wavy line above it, indicating a tremolo effect. The sixth staff has a G9sus4 chord and a melodic line with a wavy line above it. The seventh staff has a G7 chord and a melodic line with a wavy line above it. The eighth staff has a G9sus4 chord and a melodic line with a wavy line above it. The score concludes with a double bar line.

Vedlegg 3: «Where were you» - Transkripsjon

Where were you With Terry Bozzio & Tony Hymas

Jeff Beck, Terry Bozzio, Tony Hymas

♩ = 65 ca. (Free tempo)

The musical score is written in G major (one sharp) and 4/4 time. It consists of 38 measures, with measure numbers 4, 8, 12, 16, 20, 24, 28, 32, and 36 indicated. The score includes various chords and guitar-specific markings:

- Measures 1-4: A, D/F#, Gsus2, Gadd9, A, D/F#
- Measures 5-8: Bm, 1. V
- Measures 9-12: D/F#, E/G#, F/A, G/B, 3
- Measures 13-16: Bm, Em, Bm, Bb
- Measures 17-20: Esus4
- Measures 21-24: (No chord labels)
- Measures 25-28: (No chord labels)
- Measures 29-32: D/F#
- Measures 33-36: Gsus2, Gsus9, A

The score also includes various guitar-specific markings such as vibrato (wavy lines), bends (marked with 'V'), and triplets (marked with '3').

2

40

D/F#

Bm

44

D/F#

E/G#